# Styringsgruppemøte,

## Tid/stad 21.08.2019/ Nordhordlandshallen

Til stades:
**PMU**
Ståle Juvik Hauge – leiar (AP)
Hogne Brunborg (AP)
Nils Markus Bakke (SP)
Bent Risøy (KRF)
Malin Knudsen (KRF)
Olaf Myhr (KRF)
Andreas Dyngen (Uavh)
Anne Julie Hetland (H)
Ingrid Fjeldsbø (H)
Anita Høgquist (H)

**Administrasjonen**
Hogne Haugsdal (Assisterande rådmann)
Trude Langeland (planavdelinga)
Marte Hagen Eriksrud (planavdelinga)
Kaia Marie Amland (planavdelinga)
Kristin Schübeler Nielsen (planavdelinga)

| **Ostereidet områdeplan** | |
|---|---|
| Administrasjonen | Styringsgruppa |
| Presenterer dialog og konklusjonar frå dialogmøtet/ motsegnsmøtet 20.08.2019.<br><br>1. Utforming av avkøyring frå E39 til senterområdet. Utforming ikkje i heinhald til handbok V121.<br>2. Må utforme avkøyringsfeltet for 80 km/t, sjølv om fartsgrensa er 70 km/t.<br>Må ha buffer i avkøyringsfeltet, for å unngå farlege situasjonar der folk gjer kjappe beslutningar om å køyre av for å kjøpe kaffe.<br><br>Det er mogleg å få til ei løysing for høgresvingefelt, men det vil krevje endringar både for veg og andre områder pga forskyving. Må ha vidare dialog.<br><br>3. Rekkefølgekrav med hall: hekter ikkje lenger rekkefølgekrav om utbetring av avkøyring av E39 på hallen. Men rekkefølgekravet vil henge på senterområdet og bustadområda mellom senter | |

| | |
|---|---|
| og hall. Ikkje lenger krav om at avkøyrsle for E39 skal vere utbetra og fortau langs fv. 393 skal vere etablert før ein kan få igangsettingsløyve. Dette er no knytt til bruksløyve. Hall har kunn rekkefølgekrav om etablering av fortau langs fv. 393. I anleggsfasen skal vere spesielt fokus på trafikksikring. | |
| <u>Prosess</u><br>Å arbeide med nye skissar vil ta tid. Utfordring å lande planen i september. Både Multiconsult må bruke tid på det, og SVV har ikkje tid til å sjå på skissane no/ i september. Risikerer derfor at planen drar ut og me ikkje får den vedtatt før i Alver. | Ståle (AP) avsluttar: Har rydda unna motsegnene, men må bruke tid på det tekniske ved veg. |
| <u>Endre arealføremål for to tomter?</u><br>To tomter regulert til LNF i planen som er på høyring. Det er no komt inn innspel om at eigarane ønsker at tomtene blir gjort om til bustad. Tomtene blei frådelt i 2001, og skal ha fått lovnadar frå kommunen om å bygge her. Dei ønker at tomtene skal få LNF spreidd. Ei slik arealendring vil krevje ny høyring. | Viss planen uansett blir utsett og må ut til høyring pga endring av E39 etter SVV sine motsegn, kan me også gjere dei to tomtene til LNF spreidd. Vil ikkje legge dei ut som bustad, for då risikrere ein å få plankrav frå off. mynde.<br><br>Konklusjon: Me gjer tomtane om til LNF spredd uansett, sjølv om planen må ut på ny høyring. |
| <u>Andre etasje over kollektivterminalen</u><br>Det låg opprinneleg inne at ein skulle kunne bygge ein etasje med leilegheiter og parkering for desse over kollektivterminalen. SVV er negativ til denne løysinga fordi dei ikkje ønskjer privatbilar inn mot kollektivområdet. I tillegg er løysinga i strid med byggegrensa på 30 meter mot E39 som SVV har motsegn til. Grunneigar ønsker framleis moglegheit til å bygge ein etasje over kollektivterminalen, med parkering i garasje under kollektivterminalen. Skal denne løysinga leggast inn i planframlegget? | Konklusjon: Meiner denne løysinga vil verte svært dyr og difor ikkje vil verte realisert. Ønskjer ikkje at løysinga vert teikna ut. Moglegheita for bustadområde over kollektivterminalen vert fjerna. |
| **Lonena områdeplan** | |
| <u>Prensentasjon av hovudtrekka i innspela</u><br><br>BKK Nett sitt innspel om transformatorstasjonen/ energiføremål. Dei ber kommunen ta føremålet inn i planen. | Tar ikkje energiføremål inn att i planen. |
| Byggesaksavdelinga sitt spørsmål om rekkefølgekrav for o_SPA. | Tar ikkje rekkefølgekrav inn i planen. |
| Byggesak sitt spørmsål om å ta inn delar av føresegn til friområde for kdp. | Ønsker føresegn frå kdp inn i planen, men bearbeide føresegna: supplere at lista ikkje er uttømmande og at det opnast for tiltak som fremjar friluftsaktivitetar. |

| | |
|---|---|
| SVV. Kom til einigheit i dialogmøtet angåande dei varsla motsegna. | Bearbeide formulering av føresegn.<br>Føresegna må presisere at:<br>Før bustad nr. 1: krav om lyskryss<br>Før bustad nummer 101: Krav om venstresvingefelt ved E39<br>Før bustad nummer 501: Krav om tiltak som avlastar kryss FV57. |
| NOF og FNF ønsker å supplere søresegn om tiltak i friområdet, med at tiltak ikkje skal ha vesentleg negativ konsekvens for naturmangfalet, særleg området sin funksjon for måker. | Omsyn til måker er dekka av naturmangfaldslova. Ikkje juster føresegn etter innspel frå NOF. |
| **KDP KAA og KPA** | |
| <u>Framdrift</u><br>Kjem an på om det blir motsegn frå fleire off. mynde.<br><br>Skal finne ut kva som er lov å gjere i «vakuumet» mellom konstitusjonen og 01.01.2020. | |
| Marte orienterer om kontordag og informasjonsmøter. | |
| Har motatt henvendignar om at folk ikkje har fått med seg høyringa og frist. Diskusjon mellom pmu og administrasjonen om det er behov for ytterlegare informasjon til innbyggarar, eller om ein har gjort nok? | |
| Avtalte styringsgruppemøte for kdp kaa og kpa torsdag 29. august.<br>Merknadane blir sendt til pmu onsdag morgon, 28. august, på same måte som til Lonena og Ostereidet-planane. PMU ønsker nummerering i lista og anna namngjeving enn «Høyring». Vanskeleg å finne fram til kor langt ein har kommen i lista når dokumenta heiter det same, og ikkje er nummerert. | |